



Rabben ønsker forlenging av denne flytebyggja med 10 meter. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Rabben Feriesenter har søkt kommunen om forlenging av flytebyggja si med 10 meter. Det skjer etter at dei har hatt eit drøftingsmøte med kommunen om saka.

Området var på den gamle reguleringsplanen regulert til marina. I den nye, enno ikkje godkjente reguleringsplanen er det også regulert til marina. Difor kan denne søknaden behandlast no.

Det er med andre ord – slik Steinar Myklebust har oppfatta det utifrå søknaden – ikkje nødvendig å venta på godkjenninga av den nye reguleringsplanen før eit tiltak som dette blir sett i verk.

Men eigentleg er det lagt ned byggjeforbod i området i påvente av denne planen.

Av Ola Matti Mathisen